



Uskedelingen Ole Vidar Monsen hevda seg bra i Kvinnheradstråkket sist søndag (foto: Omvikdalen Idrettslag).

**Monsen-brørne frå Haugland har dei seinare åra hevda seg godt i ulike idrettsdisiplinar. Eldstemann, Ole Vidar, har gjennom fleire sesongar hevda seg svært bra på fylkesnivå i langrenn. Siste året har han og satsa ein del på sykkel, og han har gode resultat å visa til i ulike ritt. Søndag fekk han ein fin tredjeplass i klasse 20-29 år i Kvinnheradstråkket.**

Ole Vidar fulgte tetgruppa heilt til mål, og han var berre 4 sekund bak klassevinnaren Vidar Mehl som sykklar for Vossevangen SK. Han fekk same tid som andremann i klassen, Svein H. Kringlebotten frå SOV SK. Løypa var den same i år som tidlegare. Den starta ved Omvikdalen skule, og ryttarane sykla opp og rundt dalen. Vidare langs riksveg 48, utover mot Sunde. Det var endepunktet i løypa og deltakarane sykla så tilbake på andre sida av Opsangervatnet, forbi Husnes sentrum og tilbake langs riksvegen til Omvikdalen sentrum, og til slutt opp til mål som var ved skulen. Rittet er ca 62 km. Ole Vidar sykla denne løypa på imponerande 1.37.35. Flott levert!

Av Thor Inge Døssland.